

Høytidsmøtet

Nicolai Wergeland



Steinar Supphellen

Biografi over Nicolai Wergeland (1780-1848)

Når DKNVS nettopp i år har valgt å prege minnemedalje over Nicolai Wergeland, har det fleire grunnar. Tanken med medaljen er å minnast og heidre tidlegare medlemmer av selskapet vårt, og vi gjer det gjerne i tilknytning til merkedagar og spesielle hendingar. I år er det 200 år sidan den store dagen endeleg var komen, at striden for eit eige norsk universitet var ført til siger, difor feirar vi stort jubileum. Same året var eit merkeår i livet til Nicolai Wergeland, og desse ting heng nært saman. Hans namn vart sterkt knytta til den avgjerande siste fase i kampen for universitetet, han vart kjent som ein samlande talsmann for saka. Namnet hans vart kjent over heile riket, og meir enn nokon annan gong i eit liv som offentleg kjent person, opplevde han å stå som representant for ei verkeleg samlande sak. Denne posisjonen var nok også bakgrunnen for at Nicolai Wergeland den 6. september 1811 vart innvotert som medlem i DKNVS.

Eigentlegheitte han Niels, med det namnet vart han døypt i 1780 i Hosanger der faren var lærar og klokkar. Ein gong omkring 1799, då han vart dimittert til universitetet i København, tok han til å skriva seg Nicolai. Faren hadde ei tid nytta etternamnet Beraas, men gardsnamnet Wergeland frå Brekke i Ytre Sogn der far hans kom frå, vart det vanlege familienamnet.

Nicolai var berre fire år då faren flytte til Bergen for å driva krambuhandel. Bakgrunnen var skarp konflikt med presten, og truleg finn vi her ein indikasjon på ein mann med sterke meiningar og lite kompromissvilje. Han lykkast ikkje i forretningslivet, gjekk konkurs, tok hyre på eit skip i utanriksfart, og vart borte for godt. Mor til Nicolai sat att med tre born som ho med god hjelp makta å ta seg av. Eldsteguten vart seinare skomakermeister i Christiania, den yngre søstra vart gift med ein sjøkaptein og hadde ein son som Nicolai

seinare tok inn i familien.

Nicolai la tidleg gode evner for dagen, men ein freistnad på å gå i gullsmedlære var mislykka. Ein grandonkel med same namn, Niels Wergeland (1717-92), som var pensjonert kaptein i infanteriet, var mellom fleire som gav han litt støtte, og han fekk friplass på katedralskolen slik at han i 1799 kunne bli dimittert til universitetet i København. Økonomien var svært dårleg, men Nicolai var sterkt medviten om egne boklege evner, og prøvde å utnytta dette. I 1803 tok han sin teologiske embetseksamen med utmerking, og i 1805 vann han Universitetets gullmedalje for ei prisoppgåve om dogmet om den ytterste dom.

På denne tida vart det arbeidd for å betra utdanninga av lærarar til den lærde, høgre skolen. Frå år 1800 var det utvikla eit eige Pædagogisk Seminarium ved universitetet, og frå 1805 låg dette under Direksjonen for universitetet og de lærde skoler. Planen var at ein i dei lærde skolane skulle tilsetja overlærarar og adjunktar. Dei gamle høyrarane skulle få avløyning. Endringar skjedde først i København, men også i Christiania alt i 1801, så i Odense og Slagelse. I 1805 skulle fire skolar til få nyordning, mellom dei Christiansand. Året etter var reforma tillempa på dei 12 resterande skolane i Danmark-Noreg.

Wergeland hadde vore knytt til Seminaret, og ikkje minst kontakten med ein av dei leiande både i Seminaret og sjølve Direksjonen, professor Moldenhawer, førte til at han vart utnemnd til adjunkt ved Katedralskolen i Christiansand, der han arbeidde frå 1806.

I Christiansand hadde han god inngang. Han underviste i religion, hebraisk, dansk og fransk, og fekk ord på seg for å vera ein god lærar. Han var aktiv i selskapslivet, der han kunne demonstrera mange talent ved å opptre som fiolinist, teiknar og høvespoet, ein mann som sette pris på spas og moro. I 1807 vart han gift med Alette Dorothea Thaulow (1780-1843), dotter av by- og rådstueskrivaren i byen, noko som gjorde det naturleg med omgang med embetsmenn og finare borgarskap. Eldstesonen Henrik vart fødd i 1808 og fekk etter kvart fire sysken.

Nicolai Wergeland vart godt integrert i miljøet i Christiansand, men følgde også godt med i det som skjedde på nasjonalt og internasjonalt plan, både i politiske, akademiske og kulturelle kretsar. Det verkar som om han var på leiting etter større utfordringar, oppgåver som han kunne nytte sine evner på. Ei slik oppgåve fann han mot slutten av året 1809, då ein konkurranse om dei beste planar for eit eige norsk universitet på nytt dukka opp. Ein slik konkurranse hadde ført til at 14 planar hadde blitt innleverte og for ein del

trykte i 1795, men det hadde ikkje ført til gjennombrøt i universitetssaka. No kom ein ny og siste fase for å få saka i hamn. Den 2. november 1809 kunngjorde byskrivar Prahl i Christiania i Norske Intelligenz-Sedler at det var sett opp ein premie til beste avhandling om eit norsk universitet. Premiesummen vart stilt til disposisjon for det Korresponderende topografiske selskap, men etter at Selskapet for Norges Vel vart oppretta ved årsskiftet, vart det topografiske selskap nærmast inkludert i dette. Det var det nye selskapet som nedsette den komiteen som skulle vurdere avhandlingane – biskop Bech, rektor Rosted, overlærer Platou, slottsprest Pavels og grev Wedel Jarlsberg. Forfattarane fekk frist til 1. november 1810. Det kom inn 9 avhandlingar, og resultatet av vurderinga kunne gjerast 6. februar 1811.

Nicolai Wergeland kasta seg over oppgåva med kraft og glød. Store deler av året 1810 gjekk med til arbeid med avhandlinga som vart levert kort før fristen gjekk ut.

Avhandlinga skulle svara på fire spørsmål, men før han går laus på desse, viser han til det meste av det som før hadde blitt skriva om universitetssaka, og drøftar kva eit universitet er og skal vera. Dernest gjev han sitt svar på spørsmålet: Bør Norge have et Universitet i sit eget Skjød? Svaret blir skarpt. Det blir hevda at det er både ”uanstændigt” og høgst skadeleg for Noreg å mangle universitet. Landet taper ved det både sin ”National-Ære”, sin formue, sin folkemengde og sin industri, og både patriotismen og moralen lir under dette. Han avfeiar alle innvendingar, og hevdar med kraft at det er på tide at Noreg får sitt universitet.

Dernest skal det drøftast ”Paa hva Sted i Norge bør Høiskolen anlægges?” Her går han igjennom ei lang rekkje forslag som har vore oppe, og avviser dei fleste. Han meiner valget står mellom Tønsberg og Christiania og hevdar, etter ei pro- og kontra-liste på 17 punkt, at Christiania vil vera rette valget.

Lengste delen av avhandlinga handlar om ”Hvorledes bør det Norske Universitetet være?” Han brukar 13 kapittel til å skriva om bygningar, organisering av studier, undervisning, eksamener, grader, lovverk, løner, stipend og studenbustader. Ei hovudsak er følgjande: ”Det Norske Universitet bør være et av første Rang!”

Den siste delen var krevjande: ”Hva udfordres til Oprettelsen og Vedligeholdelsen af et Universitet i Norge, og af hvilke Kilder tages de Midler, som dertil udfordres?” Wergeland gjekk også her grundig og til dels detaljert til verks. Under kapitlet om kapitalkjelder har han 24 paragrafar med tilvising til mogelege kjelder, og han sette opp oversikter over forventa lærarrekruttering og økonomi dei første 5-6 åra framover.

Det er likevel ikkje dei mange konkrete framlegga som er det viktigaste i denne avhandlinga - Mnemosyne (erindringa) som ho vart kalla. Viktigast var nok den stemninga og optimistiske tonen ho var skriven i. Ho viste med overtyding at alle problem kunne omtalast og løysast berre det fanst tru og innsatsvilje til å gjera det. Avhandlinga understreka på ein dristig og optimistisk måte at dette galdt rimelege og rettferdige krav som ein kvar nordmann måtte stille seg bak. Det galdt norsk ære og sjølkjensle, ei sak som ikkje kunne avvisast dersom Noreg skulle ha noko som helst slags jamstilling med Danmark, og det var ei sak som var heilt avgjerande for utvikling og framgang i landet både materielt og kulturelt. Avhandlinga løfta fram haldningar og stemningar av patriotisme som folk måtte la seg riva med av. Det skulle visa seg at som forfattar av dette skriftet kom Wergeland brått i ein posisjon som talsmann for rettvise og samlande krav, ein sann patriot som hadde mot og kraft til å setja ord på uretten. Det er ”uanstændigt” og ”skadeligt” at Noreg ikkje har eit eige universitet! Mange skulle fortelja om den entusiasme og optimisme som avhandlinga skapte.

Vurderingskommissjonen roste arbeidet og var ikkje i tvil om at Nicolai Wergeland måtte få førsteprisen. Det vart straks sett i gang arbeid for å få arbeidet trykt, men det vart omtala og lovprist i vide kretsar også før det var tilgjengeleg i trykt form. Avhandlinga kom ut i Historisk-Philosophiske Samlinger, eit nytt skrift som Selskapet for Norges Vel gav ut, og var på heile 476 trykksider.

Wergelands skrift kom opplagt til å påverka den politiske utvikla i universitetssaka. I 1795 hadde avhandlingane som vart produserte ikkje kunna påverka kongen til å innfri det norske kravet. Langt ut i året 1809 var det framleis tydeleg at universitet i Noreg ville kongen ikkje høyra tale om. Det kom utvikling i saka frå omkring 21. august i 1809. Då vart det valgt ny tronføljar i Sverige, han som tok namnet Carl Johan. Fram til denne datoen hadde det vore utsikter til at det danske kongehuset kunne knyta saman dei tre rika. I så fall ville også Noreg bli liggjande trygt under Danmark og kongen, sjøl om han let vera å etterkoma spesielle norske krav. No vart det klårt at danskekongen heretter ville stå overfor ei sterk svensk statsmakt med ambisjonar som kunne medføra at banda mellom Danmark og Noreg kunne bli sett på alvorleg prøve. No vart det viktig å styrkje banda, og ikkje skapa misnøye og uro. Det fekk konsekvensar for universitetssaka.

Kongen og visestatthaldaren prins Frederik av Hessen var klår over kva som rørte seg i Noreg ved at universitetssaka var teka opp att og at ein konkurranse var lyst ut. Kongen meinte enno at det ikkje skulle opprettast universitet i Noreg, men noko måtte gjerast. Direksjonen for universitetet

og lærde skolar vart pålagd å koma med framlegg til tiltak som kunne vera imøtekomande, t.d. ved å gjere meir av førebuinga til studier, kanskje også ein første del av studiet, mogeleg å avvikla i Noreg. Direksjonen fann dette vanskeleg, men skisserte nokre forslag, og kongen ba dei arbeide vidare. Dette skjedde utover året 1810 parallellt med at Wergeland skreiv avhandlinga si..

Kongen vart i aukande grad oppteken av det som gjekk føre seg mellom leiande personar i Noreg og svenske kontaktar. Ein sentral person i Noreg var grev Herman Wedel Jarlsberg, og i København var ein uroa over hans svenske sympatier. For universitetssaka vart det viktig at kongen 8. februar 1811 tok avgjerd om å kalle Wedel Jarlsberg til København, truleg både for å bli kjent med haldningane hans og å ha kontroll med han. Han vart innkalla utan spesiell grunngjeving eller for noko spesielt oppdrag, men han skulle bli i København ”saalenge Deres personlige nærværelse og tjeneste maatte behøves.”

Denne innkallinga fekk Wedel Jarlsberg kort tid etter at han hadde vore med på å gje Wergeland prisen for Mnemosyne, og saman med leiinga i Selskapet til Norges Vel dessutan vedteke å setje i gang ein landsomfattande subskripsjon til opprettinga av universitetet. Då han alt 1. mars meldte seg til audiens, vart universitetet eit tema. Wedel Jarlsberg kunne gjere seg nytte av Wergelands avhandling. Vi må rekna med at kongen vart svært grundig informert om at noko mindre enn eit fullt universitet ville ikkje bli akseptert.

Alt same dagen fekk Wedel Jarlsberg ordre om å gå i konferanse med Direksjonen om universitetssaka. I realiteten var saka frå denne dagen sett på sporet fram mot realisering.

Den 2. september kom den kongelege resolusjonen om oppretting av universitet i Noreg, og 5 månader seinare, 13. februar 1812, kom resolusjonen om at det norske universitetet skulle liggje i Christiania.

Prisvinnaren, adjunkt Wergeland, vart svært raskt ein kjent mann utover i 1811. Han fekk både ros og gode inntekter gjennom sitt skrivearbeid. Av prissummen på 1200 rdl. fekk han 800. Men det kom andre påskjøningar etter kvart, største summen på 1200 rdl. frå Drammen 11. desember 1811. Her vart det sagt at Wergelands to små søner, Hendrichus Arnoldus og Harald Alexis sikkert skulle studere ved det nye universitetet og kunne dela summen. Frå same by kom det 29. mai 1812 300 rdl. til. Pengane skulle no gå til dottera Augusta som ”bevis på Drammens Byes indvaaneres vedvarende og uforanderlige Agtelse og Hengivenhed”.

Avhandlinga var dedisert til kongen, og han sende si takk 16. nov. 1811, med melding om 300 rdl. frå kongens kasse. Frå Tønsberg kom det 25. desember 900 rdl. som ”wor Erkientlighed” for skriftet og som eit

”Juleoffer”! Frå Porsgrunn vart det sendt 800 rdl. Frå salget av Mnemosyne fekk han også inntekter, m.a. ca. 800 rdl. tilsendt i januar 1812. Før sommaren 1812 hadde han såleis hatt ei ekstraintekt på minst 5000 rdl. på avhandlinga. Ved den store ”National-Festen” for universitetet, som vart avvikla mange stader over heile landet 11. desember 1811, var Wergeland ein sentral person ved festen i Christiansand. Han forfatta ein høgstemt kantate som vart framført i domkyrkja.

Våren 1812 vart han dessutan residerande kapellan ved Christiansand domkyrkje. Han hadde hausten 1811 søkt Øyestad kapellani, men då han fekk det, hadde det blitt klårt at stillinga i byen vart ledig, og han fekk utan problem overføring dit. Han hadde elles ord på seg for å vera ein god skolemann, slik at stiftsdireksjonen og andre gjerne ville ha han til å halda fram der, og ein kontakt med professor Moldenhawer som rosa hans pedagogiske evner, medverka til Wergeland nok tenkte seg at han kunne ha von om eit teologisk professorat ved det nye universitet. Slik skulle det ikkje gå. Som kapellan i Christiansand hadde han ikkje nærare kontakt med det vidare arbeidet med å utvikla det nye universitetet. Avhandlinga hans med dei mange konkrete framlegg til utforming og organisering vart slett ikkje nytta som oppskrift i dette arbeidet, og han vart neppe konsultert av dei som sto i leiinga for å få universitetet i drift.

Frå sin posisjon i Christiansand følgde Wergeland med i dei politiske hendingane både heime og ute. Han både tala og skreiv med glød og patos som ein sterk patriot med fedrelandssinn og kongetruskap. Men ved inngangen til 1814 er det tydeleg at han har funne saman med ein del av handelsborgarskapet i Christiansand i ei overtyding om at sambandet med Danmark måtte løysast for godt. Under presset frå dei europeiske stormaktene kunne fridom og sjølstende for Noreg no berre bergast gjennom å finna fram til ei best mogeleg ordning med Sverige. Hans posisjon som høgt akta talsmann for nasjonen synt seg i at han syntest vera sjølskriven då det skulle veljast representantar til riksforsamlinga på Eidsvoll, sjøl om det seinare vart klaga på gjennomføringa av valget. Saman med kjøpmann Ole C. Mørch representerte han byen Christiansand. Han var godt budd, var av dei som kom med eige grunnlovsframlegg i lomma, og kom til å vere ein aktiv mann i forsamlinga.

Det har vore sagt at Wergeland kom til Eidsvoll som kanskje den mest omtykte mann i landet, men reiste heim einsam og delvis vanvyr av mange. Trass i si sterke nasjonalkjensle hamna han i det som vart kalla svenskeflokken. Ikkje minst sidan sjølstendeflokken var så sterkt knytta opp til det danske kongehuset, kom Wergeland til å halde lag med Wedel Jarlsberg

og hans flokk i sentrale spørsmål. På grunn av sin tidlegare posisjon fekk han no, meir enn desse, høyre at han ikkje var tilstrekkeleg norsksinna. Det viste seg dessutan at han hadde ei haldning og ei framferd i forsamlinga som hindra han i å vinna vener. Han kunne verke skarp og overlegen, sjølmædviden og sjølgod, og i tillegg vart han opplevd som deklamatorisk i sine innlegg som gjerne vart lange førelesingar. Han kunne vekke sterk irritasjon, og vart ute for spitor og å bli gjort til lått for andre. Når det gjeld dei spor han sette, var det han som gav Stortinget namn. Han viste ved fleire høve at demokrat var han ikkje. Han var også tydeleg imot jødane, ei sak han seinare endra oppfatning av, ikkje minst gjennom påverknad frå sonen.

Ved avslutninga av samlinga på Eidsvoll vart han ute for motstandarar som ville ha han til å trekkje tilbake fleire ting han hadde sagt under debattane, fordi dei kjente seg ærekrenkte. At forsamlinga gjorde vedtak om dette, vart avverga, men etter heimkoma merka Wergeland eit anna klima enn før. Heime i Christiansand kom han opp i munnhoggeri med W.Sebbelow, kjøpmann og overkrigskommisær, ein aktiv mann som hadde fremja eige framlegg til grunnlov og som var kjent for å kverulera. Han meinte Wergeland hadde svikta fedrelandets sak, og Wergeland tok kraftig til motmæle. I ein svær pressefeide vart det nytta grovt skyts, og det vart injurieprosess. Sebbelow vart dømd til mortifikasjon og bot, men Wergeland fekk inga skadeserstatning. Han måtte leve med stempelet som ein slags svikar i høve til tidlegare ideal, tok til å ønskje seg bort frå Christiansand, og med sin store familie hadde han økonomiske problem.

Sjø om han hadde vore ein sentral mann på Eidsvoll, vart det tydeleg at han ikkje hadde noko framtid innan politikken. Han var rettnok nokre gonger kandidat til Stortinget, men generelt var han i vide kretsar oppfatta som svenskvenleg og ikkje heilt påliteleg i sterkt nasjonale samanhengar. Delvis hadde dette samanheng både med den kontakten han utvikla med Carl Johan, og med det grove åtaket han gjorde på det historiske sambandet med Danmark. Han vart tildelt den svenske Nordstjerneordenen i januar 1815, og i samband med audiens utpå hausten fekk han eit svært positivt forhold til Carl Johan som han nok vart sjarmert av. Han vart gjort til andre hoffpredikant med 200 rdl. frå kongens kasse, gjeve gode utsikter til betre stilling, og i mars 1816 takka han kronprinsen for ei gåve på 2000 rdl. Ein grunn til god kontakt var kanskje Wergelands sterke interesse for fransk språk og kultur som seinare førte til eit verk på 610 sider med tittelen: *Den franske Stilist eller Leksikalsk og grammatisk Underviisning i det franske Sprog med Hensyn til nyeste Brug. En Haandbog for Norske og Danske* (1841).

Ei frukt av kontakten med Carl Johan var opplagt utnemninga til

Eidsvoll soknekall i november 1816. Det var ei klår forbigåing av andre gode kandidatar, og førte til bitre feidar i avisene.

Då hadde han i oktober 1816 gjeve ut skriftet "En sandfærdig Beretning om Danmarks politiske Forbrydelser imod Kongeriget Norge". Her la han ikkje fingrane imellom når det galdt å liste opp historiske hendingar og forhold som kunne utleggjast som tiltak for å halde Noreg og nordmenn nede og i underordningsforhold til dansk makt og styring. Dette kunne tolkast som at undertrykt sinne og protest no måtte gjevast luft, at det måtte setjast ord på oppsamla frustrasjon. Framstillinga vart så beisk og dømande at reaksjonane vart sterke, ikkje minst mellom dei som kjente på gode band til Danmark. Wergeland vart skulda for fanatisme og nærmast danskehat, og at han samtidig gjekk ærend for Carl Johan. At han i 1816 kunne flytta til Eidsvoll som sokneprest i eit stort kall, vart også sett som eit uttrykk for at han nærmast var kjøpt og betalt av Carl Johan.

Det er opplagt ein samanheng mellom avhandlinga frå 1811 (Mnemosyne) og "En sandfærdig Beretning". I innleinga til Mnemosyne finn ein eigentleg opplegget til framstillinga i 1816, men ikkje så åpent og negativt dømande utlagt. Mnemosyne møtte nesten ingenting av negativ kritikk i Noreg, jamvel ein danmarksven som slottsprest Pavels kunne la seg rive med i begeistring. Men frå Danmark kom det i 1811 også andre meldingar, sterkast frå assessor i Høgsterett, Anders Ørsted. Han skreiv at "Forgjæves søger man dybe videnskabelige ideer, rigtig indsigt i videnskabenes væsen, skarp opfatning av et universitets væsen...". Men verst fann han "en snæver, sygelig nationalisme, der forblinder hans øine og forbitrer hans hjerte mot det danske broderfolk." Litt seinare, i sitt kvad til kongens årmålsdag 28.01.1812, skreiv Grundtvig bitre ord om nordmenns overmodige utfall mot Danmark. Slik kritikk verka uhyre sterkt på Wergeland. Han tok til motmæle utan at det gjorde saka betre, og han kjente seg håna og forfølgd av folk som ville øydeleggja han. Sjølkritikk var ei lite utvikla side ved Wergeland. Truleg bar han i fleire år på ein harme som han gav utlaup for i 1816.

Hans nye skrift vart møtt med avvising. Det var utan nyansar, einseitig og ukritisk, og det vart delvis omtala med forakt. Det kom ein liten flaum av innlegg i pressa, og Wergeland tok igjen sterkt til motmæle utan å leggja for dagen særleg mykje av sjølkritikk. Kritikken mot han vart svært grov, med skuldingar om store brestar i karakteren. Han skulle no nærmast vere kjøpt av Carl Johan. Det er grunn til å tru at både desse skuldingane og sjølv skriftet var såpass sterkt også for kronprinsen, at det svekka den vidare kontakten med Wergeland. Dei heldt fram med å ha kontakt, men Carl Johan let seinare vere å favorisera han.

Wergeland hadde fått utnemninga til Eidsvoll i november 1816, og i dette embetet skulle han bli livet ut. Men ikkje fordi han sjøl ønskte det. Kallet i Eidsvoll var ikkje hans høgste ønskje, og slett ikkje å bli der heile livet. Han hadde i 1814 utan hell meldt seg som søkjar til Vår Frue i Trondheim. Før utnemninga i 1816 hadde han gjeve uttrykk for at han helst ville ha eit embete i eller ved Christiania. Alt 11.6.1817 søkte han Akershus slottspresteembete etter Pavels som hadde blitt biskop i Bergen. Det fekk han ikkje. Derimot vart han i 1822 prost i Øvre Romerike, Solør og Odalen. I 1823 ønskte han på ny å bli slottsprest på Akershus utan å oppnå dette. I 1832 meinte både han sjøl og andre at det låg til rette for at han kunne bli biskop i Christiansand, og han vart sterkt vonbroten over å bli forbigått. Alt i 1840 vart Agder bispestol på ny ledig, og på nytt søkte Wergeland. No vart han forbigått med det argument at det denne gongen burde koma ein yngre mann i dette embetet.

Wergeland hadde nok kjensle av at han aldri riktig fekk sleppe til og utfalde sine leiarevner og sitt intellektuelle og kreative potensial i teneste for den norske kyrkja. Ved sida av prestetenesta gjorde han også fleire freistnader som forfattar av vitskapeleg og pedagogisk litteratur til kyrkjeleg bruk. Han gav ut ei rekkje teologiske studier, t.d. i Theologisk Qvartalskrift i 1809, Liig-Prækener over Bønderfolk i Eidsvold Præstegjeld, udgivne til Læsning for Almuen, i 1830, Lærebog i den Evangelisk-Lutherske Christelige Religion, og Kortfattet Lærebog for Almugeskolen i 1836. Ingen av desse hadde han særleg suksess med. Ein hebraisk grammatikk fekk han ikkje utgjeve, heller ikkje ei preikesamling han kalla Religionstaler som han la ut til subskripsjon i 1843.

Ein freistnad han gjorde i 1816 med å få sett opp ”Donna Clara, et tragisk Drama i fem Acter” var mislykka, derimot var utgjevinga av Smaae Poesier i 1830 eit visst uttrykk for diktarevner.

Ikkje liten forfattaraktivitet kom han til å leggje for dagen i samband med det forsvarsoppdraget han tok på seg for sine forfattarbarn, Henrik og Camilla. Særleg Henrik var han sterkt oppteken av, og han skaffa seg relativt omfattande kunnskapar om litteraturkritikk som bakgrunn for fleire feidar til forsvar for Henrik. Dei mest kjente arbeida er Henrik Wergelands Digtekunst og Polemikk ved Aktstykker oplyste (1832), Retfærdig Bedømmelse af Henrik Wergelands Poesie og Karakter. En æsthetisk-polemisk Afhandling foranlediget ved J.S.Welhavens uefterrettlige Kritik (1833), og Forsvar for det norske Folk og udførlig Kritik over det berygtede Skrift Norges Dæmring (1835).

Han hadde opplagt høge tankar om egne evner og innsikter i forhold

til diktarfaget, og sjøl om han forsvarte sine born, var han ikkje ukritisk t.d. til Henriks produksjon. Etter at Henrik var borte, i 1845, skreiv han:

”Men alt hva han har udgivet, lyrisk og dramatisk, vilde have været bedre og have gjort mer Lykke, hvis han havde viist mig det forud, og hvis han, saa ofte han gjorde dette, havde rettet sig efter mine Raad og Anmærkninger. Men det gjorde han ikke, og deraf opstod stundom alvorlige Trætter mellom os. Der er næsten intet af hva han har skrevet, som ikke trænger til Purification.”

Den sorg over Henrik og hyllinga av han som kunne registrerast i vide kretsar etter hans død i 1845, den fann Nicolai både rørande og dessutan som litt av ei oppreising også for seg sjøl i sin alderdom.

Nicolai Wergeland hadde nok mange vonbrot og tunge stunder, men eit viktig trekk ved han var likevel hans sans for humor og spas. Det kom til uttrykk også i hans skriftlege produksjon. På same tid som han i 1809 skreiv avhandling for universitetets gullmedalje, prøvde han seg også på ein liten roman, kalla Haldor Smeks smaae Tildragelser i Livet, Eventyr, Bemærkninger og Meninger. Et humoristisk Skrift i den yorickske Smag, skrevet av ham selv, utgivet av Nicolai Wergeland, Student. Modellen hadde han funne hjå Laurence Stern, ein engelsk forfattar som skapte ein eigen genre. Wergeland oppnådde ingen suksess, men han kunne ikkje dy seg for å gå vidare, slik at i 1810, det året han skreiv avhandling om universitetet, gav han ut eit framhald, Haldor Smeks Tildragelser efter hans Hjemkomst. En Fortsættelse der indeholder en Deel av hans Ungdoms Amouretter, udgivne af Nicolai Wergeland, Cand.Theol. og Adjunkt ved Kathedralskolen i Christiansand. På nytt var responsen laber. I 1836 skreiv han om skriftet frå 1809 at det ville han gjerne skulle ha vore uskrive. Noko av det siste han kom til å skriva var likevel noko som har ein viss likskap med denne litteraturen, og som dessutan har samanhang med hans sans for vitsar, epigram og gåter som gjerne hadde stor plass i selskapslivet i prestegarden. Han kalla det eit ”harcellistisk” skrift med tittelen: Rejse fra Havre de Grace til Christiania, indeholdende flere forskjellige tildeels kyniske Eventyr, stærkt spækket med Anekdoter og Riim, Charader og Gaader, Rebus og Kjældermænd, ibesunderlighed af Hr. Løjtnant Flink, Selskabets Spøgefugl, utgivet med Illustrationer af Hypokondristen Vollertsen til Adspredelse for melankonske Gemytter i mørke Timer.

Wergeland var sjøl eit samansett gemytt med både melankolske og optimistiske trekk. Han var sterkt sjølmedviten om gode intellektuelle evner, men hadde vanskar med å vinne gode vener. Han har vorte skulda for arroganse og manglande evner til sjølkritikk. Sjøl hadde han ei kjensle av å bli motarbeidd, mistydd og hindra i å utfalde sine evner slik han ønskte. Han vart

ikkje biskop eller professor i teologi, han vart ikkje politikar, han vart ingen stor forfattar eller skribent.

I perspektiv kan vi likevel sjå at han er ein viktig person i norsk offentlegheit og samfunnsutvikling i første halvpart av 1800-talet, ikkje minst i tida kring 1814. Særleg er namnet hans med rette knytta til gjennombrøtet for opprettinga av det første norske universitet. Når vi i år feirar 200-års dag for universitetet, kan vi også med god grunn feire minne om Nicolai Wergeland og det opplagt største året i hans liv, då han sto som tiljubla samlande nasjonal talsmann for ei av dei viktigaste sakene for fedrelandet – eit eige norsk universitet.

Forfatter/ author:

Professor Steinar Supphellen

Institutt for historie og klassiske fag, NTNU

Email: steinar.supphellen@ntnu.no